



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
05/2020	Eldrerådet	PS	28.05.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE-033	18/772

### MARKERING AV ELDREDAGEN 2020

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eldrerådet vil markera Eldredagen 2020 på følgjande vis:

#### Eldrerådet - Sak 05/2020

##### ELD - Behandling:

Det er usikkert kva smittevernreglar som vil gjelda i oktober, og om ein kan arrangera eldrefest i Turbinen som planlagt. Alternativ markering av Eldredagen vart diskutert. Det vart føreslege å markera dagen på intitusjonane og dagsentra med musikk og servering av kake og kaffi.

##### ELD - Tilråding/Vedtak:

Eldrerådet utset avgjerd rundt markering av Eldredagen til første møte etter sommaren.

##### Saksopplysningar:

Det har vorte ein kjekk tradisjon i Vaksdal kommune at den internasjonale Eldredagen 1. oktober vert markert med ein Eldrefest der eldre frå heile kommunen deltek. Eldrerådet arrangerar Eldrefesten og pleier planleggja denne på siste møtet før sommaren.

Grunna covid-19 pandemien og framleis smittefåre og smitteverntiltak, kan større samkomer vera vanskeleg å arrangera. Eldrerådet vil på møtet 28. mai drøfta og planleggja markering av den internasjonale Eldredagen 1. oktober 2020.